

Velkommen til din
studentbustad



busaman



Å bu i eit kollektiv vil seie at du er del av eit større fellesskap. Med det følgjer både ansvar og moglegheiter.

Hels på naboane dine, respekter kvarandre sine grenser, finn på noko kjekt i lag og ta vare på kvarandre.

Reservasjon av fellesareal

Fellesarealet er til for alle bebuarane, og det er viktig å respektera at ein deler denne plassen med fleire. Der skal vere plass til alle, og skal ein ha mange på besøk bør det avtalast med resten av leigebuarane. Skal ein ha fest eller liknande på fellesarealet må ein skriva seg opp på reservasjonslista som heng på info-tavla.

Wi-Fi

I bustadhusa våre finn du det trådlause nettverket Eduroam. Dette er det same nettverket som på høgskulen, som vil seie at du må vere registrert ved HVL og få tildelt brukarnamn og passord før du får tilgang til nettet. For å kople seg på det trådlause nettverket koplar du deg til nettverket Eduroam, og skriv inn brukarnamnet som du har fått på høgskulen med @hvl.no bak. Passordet er det same som på høgskulen.

Husleige

Husleiga har forfall den 15. i kvar måned, men sidan du ikkje vert fakturert før etter innflytting kan din første husleigefaktura ha noko seinare forfall. Saman sender ikkje ut faktura på papir, så faktura finn du på din side på www.boligtorget.no.

BETAL I TIDE – UNNGÅ PURREGEBYR OG INNKASSO!

Ta kontakt viss du får problem med å betala innan forfall, så kan vi finna ei løysing i lag.

Brannalarm

Det er viktig at du gjer deg kjend med branninstruksene ved bustaden din slik at du veit kva du skal gjere viss alarmen går. I leigeavtalen du har signert står det og at du er pliktig å setje deg inn i gjeldande branninstruks. Den finn du både på infotavla på fellesområdet og på sammen.no.

OBS! På Studentheimen og Møllevegen er alarmen kopla direkte til brannsentralen i Florø. Der er det viktig å varsle brannvesenet BÅDE ved brann og viss det er falsk alarm for å unngå utrykking.

Vaskeri

Du har i lag med nøklane dine fått utlevert eit Miele vaskekort du kan nytta på vaskeriet som høyrer til ditt bustadområde. Det kan du fylla opp på din Miele kundekonto du får tilgang til via Boligtorget.

Treng du hjelp frå vaktmeister?

Når du vil seie i frå om feil, manglar eller anna du treng vaktmeister til, skal du bruke feilmeldinga. Feilmeldingsskjema finn du på di side på Boligtorget.

Parkering

Saman har parkeringsplassar som høyrer til kvart av bustadområda. For å få løyve til å nytte desse plassane der du bur må du kjøpa deg eit gyldig parkeringsoblat. I Møllevegen er desse regulert av Kommunen og ein må ha eige parkeringskort frå Sogndal kommune. Både parkeringsoblat og rekvisisjon for rabattert pris på kommunalt parkeringskort kan du få i vår administrasjon. Vognkort må visast før oblat eller rekvisisjon vert utlevert.

MERK: Oblat gir deg rett til å parkere på Saman sin parkeringsplass, men garanterer ikkje ledig plass.

Til besøkande som har bil skal du som bur her skaffe eit gyldig besøkskort (Max 10 dagar). Også dette får du i skranken hjå administrasjonen til Saman. I Møllevegen må ein nytta kommunal betalingsautomat.

Bilar utan gyldig parkeringsoblat kan bli pålagt eit gebyr og bilen kan bli taua bort for eigar si rekning og risiko.

Låst ute?

Har du gløymt eller mista nøkkelen din kan anten vaktmeister eller Securitas låsa deg inn. Innafor vanleg arbeidstid kan du kontakta vaktmeister for gratis innlåsing.

Før kl. 22.00 mån-tors og før kl.21.00 fre-laur :

- Ring fagleiar for din bustad
- Pris: gjeldande takstar for utrykking hjå vaktmeister (opplysast ved tilkalling)

Mån-tors kl. 22.00 – 04.30 og fre-laur kl. 21.00-04.30:

- Ring vakttelefon hjå Securitas: 229 71 039
- Pris: gjeldande takstar for utrykking hjå Securitas.
- Saman får rekning på innlåsinga av Securitas og fakturerer deretter studenten med same beløp.

Vaskeveke

På alle fellesstover/kjøken heng det vaskeliste, på den finn du ut kva veker du har ansvar for vask og orden på fellesområdet. Bur du på dublett på Studentheimen har de og ein eigen vaskeveke for det kjøkenet og badet de deler der.

Passar ikkje den veka du er sett opp med vaskeansvar er du sjølv ansvarleg for å byte med andre. Eit tips kan vere å gå saman med ein annan student, og la vasken bli ei sosial greie som ein utfører i lag. Deler de på vasken blir det ikkje så mykje å vaske. Det er husøkonomen hjå Saman som kontrollerer om vask er utført tilfredstillande.

OBS! Det er studentens eige ansvar å sjekka vaskelista på info-tavla tysdag etter kl.15.30 for å finna ut om vasken er godkjend. Er den ikkje det får du tid til å retta opp det som ikkje er godkjend, og det vert ny sjekk onsdag. Blir ikkje vasken godkjend onsdag vert vask utført av Saman og fakturert den som har vaskeveke.

All info om vask og vaskemiddel heng på infotavla. Kurs i vask blir halde etter ønskje frå studentar. Felles nedvask er obligatorisk for alle studentar som leiger hjå Saman, og blir gjennomført 1-2 gongar i året – sjå kontrakt med vedlegg. Har du spørsmål om vask kan du ta kontakt med husøkonomen vår.

Saman held moppar til vekevasken av fellesområda. For at vi skal kunne levere reine moppar kvar veke til vask av hybel og fellesområde, må alle leggje skitne moppar til vask på vaskeria. Skitne moppar skal ikkje kastast i søppla (eller i do), men leggjast tilbake til vaskeriet til vask.

I Saman sine bustader har vi strenge krav til hygiene og reinhald. Ver venleg og prøv å hjelpe oss med å halde desse krava til reinhald.

Forsikring

Ver merksam på at Saman ikkje har innbuforsikring som dekker leigebuarane sine private eigedelar. Innbuforsikring for dine ting må du ordne sjølv. Norsk studentorganisasjon (NSO) har forhandla fram ein eigen studentforsikring. Informasjon om denne kan du finna på www.student.no .

Gjenbruksbui

Som Miljøfyrtårn ønskjer vi å leggja til rette for at våre leigebuarar skal kunn evere meir miljøvenlege. I Sogndal har vi difor 2 gjenbruksbuer der leigebuarane våre kan setja frå seg ting dei ikkje lenger treng, og henta ting dei har bruk for. Så før du kjøper nytt oppmodar vi deg å sjå om du finn noko av det du treng der. Då sparar du både pengar og miljøet.

Den eine bui ligg på Elvatunet⁽²⁾ ved sida av vaskeriet og den andre ligg i kjellaren på Studentheimen⁽¹⁾. Dei er ope innanfor vår opningstid 8:00-15:30



2 Gjenbruksbui på Elvatunet



1 Gjenbruksbui på Studentheimen

Sortering av søppel

Hjelp oss å ta vare på miljøet! Som Miljøfyrtårn ønskjer vi at alt avfall v/studentbustadane skal kildesorteras. Ved alle søppeldunkane heng det lister over korleis du skal sortere avfallet ditt og kva som skal i dei ulike dunkane. I Møllevengen heng denne informasjonen på infotavla.